

**Plan for overgang
Gamlestova barnehage,
Hafslo barnehage
og
Hafslo barne og ungdomsskule**

2018-2019



Plan og prosedyre for overgang Gamlestova –og Hafslo barnehage - Hafslo barne og ungdomsskule

Tryggleik og trivsel er avgjerande for at ei positiv og utviklande læring skal skje. Dette er difor avgjerande å ha på plass for at overgangen mellom barnehage og skule skal vere så god som råd.

Plan for overgang barnehage - skule har som mål å styrkje samanhengen mellom barnehagane og skulane. Kunnskap og erfaring frå barnehagen skal vere plattform for arbeidet i skulen dei første åra. Dette krev at barnehage og skule har gjensidig kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Slik vil ein leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek omsyn til det einskilde barn sine behov: fysisk, psykisk og sosialt. Samarbeid med skulehelsetenesta er viktig i denne samanhengen.

Barnehagane, skulane og dei føresette må vere i god dialog når det gjeld overgangane. Det inneber at alle partar kjenner til «Plan og prosedyrar for overgang frå barnehage – skule», og at han er inkludert i barnehagane, skulane og helsestasjonen / skulehelsetenesta sine planar.

Plan og prosedyre for overgang barnehage - skule skal:

- fremje samarbeid mellom barnehagen, skulen og dei føresette, samt skulehelsetenesta
- gjere borna kjende med skulen/SFO/personalet

Samarbeidet mellom barnehage og skule er omtalt i rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver og i Læreplanverket for Kunnskapsløftet i prinsipp for opplæringa.

Kunnskapsdepartementet har utarbeida ein rettleiar om samarbeidet mellom barnehage og skule: «*Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole*». Denne inneheld anbefalingar for å gjere overgangen så god som muleg for barnet/eleven. Rettleiaren finn ein her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fra-eldst-til-yngst-samarbeid-og-sammenh/id517292/>

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skule legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang fra barnehage til skulen og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldrene for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. Dei eldste barna skal få mogelegheit til å gle seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få verte kjend med kva som skjer i skulen og skule- fritidsordninga.» (Rammeplan for barnehagen, 2017)

Dette er ein lokal plan og gjeld for eit barnehage –og skuleår. Skal reviderast på samarbeidsmøte i september 2019.

Planen er utarbeidd av Anne Sandøy, Katrine Vikøren Myhre, Sonja Rutledal, Marta Hatlevoll, Elisabeth Fimreite, Hege Bjørnetun, Hilde Holte Selland, Per Rune Joranger og Solveig Løkkebø

Hafslo, 18.09.2018

Plan for 2018-2019

Tidspunkt	Aktivitet	Tid	Ansvar
Heile året.	<p>Kulturelle skulesekken (når arr. er aktuelt for barnehagebarn).</p> <p>Kulturøkter.</p> <p>Lesesamarbeid (4.-7.klasse)</p> <p>Felles utedag 1.klassingane og solungane i begge barnehagane.</p>	<p>Skulen set opp og sender ut datoar.</p> <p>Etter nærare avtale mellom kontaktlærar og barnehagar.</p> <p>Haut. -26.10.18</p> <p>Vår.</p>	<p>Skulen inviterer.</p> <p>Teamleiar.</p> <p>Barnehage og skule.</p> <p>Ped.leiarar i Barnehagane.</p>
september-oktober	<p>Samarbeidsmøte mellom skule og barnehage. Gjennomgang av plan for samarbeid, og ein lagar aktivitetsplan for samarbeidet fram til sommaren. (styrarar, rektor, kontaktlærar, teamleiar og ped.leiarar). Tilbakemelding frå skulen til barnehagane. Korleis har det gått med fjorårets førsteklasingar. På dagsorden står både det faglege, det sosiale og det motoriske.</p> <p>Felles foreldremøte i barnehagane der ein representant frå skulen orienterar om skulen og SFO. Barnehagane orienterer om korleis ein jobbar med dei eldste i barnehagen. Aktuelle tema: førskuledagar, overgangen, fadderordning, gruppesamansetjing, ev. Forventningsavklaring i når det gjeld: -kva barnehagebarna bør kunne/vere kjent med når dei startar på skulen - korleis vert opplæringa organisert og gjennomført på 1. trinn</p>	<p>18.09.18</p> <p>16.01.2019</p>	<p>Rektor kallar inn til møte.</p> <p>Styrarane.</p>

oktober	<p>1.klassingane besøker barnehagen dei gjekk i. Barnehagane avtalar dag som passar for skulen og sender invitasjon til elevane. Samling, leik og måltid i barnehagen.</p>	03.10.2018	Ped.leiarane i barnehagane.
februar	<p>Felles temaforeldremøte på skulen, føresette til dei eldste i barnehagen vert invitert.</p>	28.02.2019	Skulen.
april –juni	<p>Gjennomgang av Informasjonsskjema overgang Barnehage - Skule med foreldre i barnehagen.</p> <p>Gjennomgang av Informasjonsskjema overgang Barnehage - Skule for kvart born med skulen. Pedagogisk leiar går gjennom dette med kontaktlærar.</p> <p>Foreldremøte for det nye 1. trinn.</p> <p>5.klasse –fadrane. Leik og aktivitet i samband med siste kulturøkt våren 2019. Siste timen før mat. Ete mat ilag før kulturøkta.</p>	<p>27.05.2019</p> <p>23.05.2019</p>	<p>Ped.leiarane.</p> <p>Ped.leiarar og kontaktlærar.</p> <p>Rektor.</p> <p>Ped.leiarane tek kontakt med kontaktlærar for å avtale.</p>

<p>april -juni</p>	<p>Førskuledagar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Førskuledag frå 8.30-11.50. 2. Førskule/SFOdag frå 11.50-til henting på SFO. <p>Skulen sender ut invitasjon til kvar enkelt. -bli kjent med skulen/SFO/møte kontaktlærer/møte ev. fadnar. -pedagogane frå barnehagen har ansvar for ein aktivitet (finmotorisk inne), lærarane observerer.</p> <p>Ansvarsgruppemøter. Skulen skal innkallast, og vere representert på siste ansvarsgruppemøte for born i barnehagen som skal byrje på skulen.</p>	<p>05.06.19</p> <p>06.06.19</p> <p>Juni.</p>	<p>Skulen</p> <p>Styrar.</p>
--------------------	--	--	------------------------------